

Fra: Ruth Ørnholt (Ruth.Ornholt@hfk.no)

Sendt: 06.06.2014 13:14:26

Til: Kjersti Døssland; Siri Ingvaldsen; Anja Angelskar Mjelde (anja.angelskar.mjelde@sfj.no) (anja.angelskar.mjelde@sfj.no); Svein Ivar Vinnes

Kopi: ellen.kristin.molvar@mrfylke.no; Inger Lise Aarseth

Emne: Referat frå kontraktsmøte med bokbåteeigar 6.juni 2014

Vedlegg: image001.png

Til stades:

Svein Ivar Vinnes

Frå Sogn og Fjordane på video: Siri Ingvaldsen og Anja Angelskår Mjelde.

Frå Hordaland: Kjersti Døssland, Innkjøpsseksjonen og Ruth Ørnholt

Meldt fråvær: Ellen Kristin Molvær

Møteleiar og referent: Ruth Ørnholt

1. Orientering om anbudsprosessen

Møre og Romsdal har ansvaret, og skal sette i gang prosessen til hausten. Anbudet skal være klart våren 2015, og effektivt frå hausten 2015. Møre og Romsdal har fått tilsendt tidlegare papir frå Hordaland.

Døssland meinte at prosessen må startast snarast, slik at ny avtale er på plass seinast i mai 2015.

2. Prisauke

Vinnes har fremja krav om auke på leigeprisen med kr 750.- pr. døgn og kr 30.- per person per døgn i forpleiing.

Dette kravet er akseptert av fylkesbiblioteksjefane.

Døssland lagar endringsavtale med prisskjema.

3. Diverse saker som kom opp i høve evaluering av vårturen 2014:

a) Det er ønskjeleg med ein fast plan for mannskapsbyte.

Vinnes opplyste om at Kjell Atle Fredheim og sannsynlegvis han sjølv, vil vere fast om bord til hausten.

b) Det blei referert til at det i Møre og Romsdal var ein matros som blei sett til å styre båten utan tilstrekkeleg kompetanse.

Vinnes såg alvorleg på saka og bad om at han ved slike høve måtte få melding så snart som råd, slik at han kunne ta tak i det.

c) Det er ønskjeleg at bokbåten ligg ved kai 5 min. før 1. stoppet opnar, og elles når vi har god gangtid.

Vinnes sa at det let seg gjere.

d) Sikkerheitsgjennomgang er skipper sitt ansvar, men har ved fleire høve blitt utsett når det har kome nye folk om bord.

Vinnes sa at bibliotekarane gjerne må minne skipper på dette, om det blir gløymd. Han skal lage instruks, slik at skipparar kjem med dei same opplysningane.

e) Defekt toalett som ikkje trekker ned.

Vinnes vil minne mannskapet på om at dei må tømme septiktankane kvar dag. Han er elles usikker på kva som kan gjerast med toaletta, men vil drøfte dette med ekspertar.

f)Ønskje om nye madrassar.

Vinnes lovde at alle lugarar skal utstyrast med nye madrassar.

g) Dårleg internettet om bord

Det kan vere ein kombinasjon av overforbruk av Icenet og dårleg dekning.

Vinnes vil prøve og forbetre tilhøva, m.a. ved å prøve med Telenor som backup-nett.

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef
Kultur- og idrettsavdelinga|fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398
www.hordaland.no/fylkesbiblioteket |